



Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2289 - 16/1364

Saksbehandlar:

Monika Soltveit Gabrielli

monika.gabrielli@radoy.kommune.no

Dato:

03.02.2016

## Vedr. kontrollrapport og framtidige arrangement for Hordabø IL

Syner til tidlegar dialog på e-post og telefon med skjenkestyrar Frode Myking, der me har drøfta kontrollrapporten som vart skriven ved arrangement 21.11.2015. Denne synte tre avvik frå alkohollova. Gjennom dialogen og e-post av 16.12.2015 forstår me at laget vil gjera betringar med mål om at brot på alkohollova kan unngåast. Det er me nøgde med, for det avgjerande i slike saker er ofte haldningane ein har til handheving av lovverket. Desse haldningane gjev styrke til å ta rette val for alle som er funksjonærar ved arrangement. Me vel å ikkje kommentera dei forklaringane de har til kvifor lovbrota kunne skje, då me heller legg vekt på det som vert skrive om korleis de ser for dykk at dette ikkje skal skje i framtida.

I dykkar kommentar til kontrollrapporten skriv de at «Hordabø IL skal være enda mer tydlig i sin gjennomgang av arbeidsoppgaver framfor neste arrangement». Dette vert sett på som eit godt tiltak og eit viktig arbeid for å nå målet. Dersom det er noko *me* kan bidra med for å gjera dette informasjonarbeidet lettare, må de ta kontakt. Me er dykkar rådgjevarar i alkohollova, og kan t.d. laga ein plakat med reglar.

De skriv også at «Vaktane er på utkikk heile tida etter personer og anna som ikkje er innenfor regelverket. Når slikt oppdages blir det tatt affære umiddelbart». Det syner at de er klare over det ansvaret de har for personane som deltek på dykkar arrangement. Ansvaret ligg også i å behandla vedkommande med respekt og sikra at dei kjem seg trygt heim.

Me kjenner til kostnadene ved å krevja ein viss del profesjonelle vaktar, og vil sjølv sagt helst at de skal få dette til med den dugnadsprofilen de har i dag. Dette gjev også verdifulle kroner til lag og organisasjonar. Likevel er det viktig å unngå at slike arrangement vert inngangsporten til alkohol for dei under 18, og for andre til å drikka seg overstadig rusa med dei konsekvensane det kan få for eigen og andre si helse.

---

### Post

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

### Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

[www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no)  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634

Til informasjon legg me til at brota på alkohollova skjedde før nyttår 2016, og dermed før nasjonale reglar for sanksjonering mot lovbrot knytt til alkohollova vart innførde. Nye paragrafar i lovverket seier no at ein *må* sanksjonera mot lovbrot, og at det skal skje med det vedtekne prikksystemet. Me vil koma tilbake med detaljar i det nye lovverket i eit brev som vert sendt ut til alle skjenke- og salsstadar. De kan evt. lesa om dei i alkohollova §1.8.

De kan be om råd, både hjå oss og hjå skjenkekонтrollørane dersom det er noko de lurar på. Me har eit felles mål om trygge arrangement.

Med helsing

Monika Soltveit Gabrielli  
konsulent kultur- og sørvistorget

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*